

Høyring av aktuelle veg- og stadnamn

Skodje namnenemnd har lagt følgjande namneforslag ut på høyring:

Veg i Håhjemsvik bustadfelt: *Nymarktunet*

Veg på Valle: *Valleskiftet*

Veg på Valle: *Vallegardane* eller *Vallevegen*

Veg på Glomset: *Bakken*

Veg på Fylling: *Hjellen* eller *Peder Fyllings veg*

Bustadområde Skodje sentrum: *Birkelunden* eller *Emmamarka*

Namn på bygd: *Engesetdal* eller *Engsetdal*

Meir opplysningar og kartreferansar er å finne på skodje.kommune.no

Høyringsfrist 20.01.2015.

Merknader og innspel kan sendast til Skodje kommune, kultureininga, rådhuset, 6260 Skodje, eller til magne.fylling@skodje.kommune.no.

Grendemøte om kulturminneplanen

Sidan våren 2013 har vi arbeidd med lokal kulturminneplan for Skodje kommune. Forslag til plan vart vedteken no i haust, og kommunestyret har lagt kulturminneplanen ut til offentleg høyring med frist 15. januar 2015 til å komme med merknader.

Føremålet med møta: Kva for kulturminne bør bevarast i dei ulike grendene?

Møta vil bli haldne etter slik plan:

To 20.11.: Glomset skule

To 27.11.: Valle skule

Må 01.12.: Skyttarhuset, Engesetdal

On 03.12.: Stette skule

To 04.12.: Brusdal skule

Må 08.12.: Utvikbygda grendehus

To 11.12.: Gomerhuset

Tidsramme for alle møte: kl. 18-20.

Nytt frå helseavdelinga

Flytting av legevakt frå Ørskog til Ålesund

Frå og med 1. januar 2015 blir legevakt på ettermiddags- og kveldstid flytta frå Ørskog til Ålesund legevakt, som vil ha legevakstjeneste for innbyggjarar i Skodje i tida 16.00-08.00.

Ein har då ikkje høve til å nytte Ørskog legevakt dersom ein oppheld seg i Skodje kommune. Frå 01.01.2016 vil Skodje kommune delta i eit samarbeid om kommunale øyeblikkeleg hjelp-plassar som vil være samlokalisert med legevakta i Ålesund.

Frå 1. januar 2015 er telefonnummeret til legevakta 70 14 31 13.

Elektronisk timebestilling og bestilling av reseptar

Skodje helsesenter får eiga heimeside med adresse www.skodjehelsesenter.no.

Frå 1. desember vert det mogleg å bestille time og reseptar via heimesida. Ein vil også kunne motta beskjedar og blodprøvesvar frå lege. Det er òg mogleg å laste ned ein app til smarttelefon der ein kan nytte alle dei ovannemnde tenestene.

Tiltaket er sett i verk for å redusere telefonkø på legekontoret.

Dersom ein ønskjer time same dag, eller ved øyeblikkeleg hjelp, må ein framleis ta kontakt pr. telefon som tidlegare.

Tid for influensavaksining

Risikogrupper som årleg bør vaksinerast mot sesonginfluensa er:

- Alle frå og med fylte 65 år.
- Bebuarar i omsorgsbustadar og sjukeheimar.
- Gravide etter 12. svangerskapsveke (2. og 3. trimester).
- Personar med kronisk sjukdom, t.d. hjertesjukdom, diabetes og særleg alle med lunge- og astma (inkludert astma/KOLS) og immunsvakheit.
- Helsepersonell som har pasientkontakt.

Vaksinen kan du få ved å vende deg til Skodje helsesenter. Det er ikkje naudsynt å bestille time for å få influensavaksine.

Friluftsrådet for Ålesund og omland Jubilerer med gratis utlån av friluftsutstyr

Friluftsrådet for Ålesund og omland markerer sine 40 år i år ved å plassere ut ein stor pakke friluftsutstyr i kvar av medlemskommunane. Skular, barnehagar, lag og foreiningar får låne utstyret gratis ved å kontakte Frisklivssentralen. Etter nyttår tek servicekontoret i kommunen over ansvaret for utlån.

Friluftsrådet for Ålesund og omland har ein stor utstyrsbase ved lageret sitt på Eidsnes i Sula. Der kan frivillige organisasjonar, skular og barnehagar i medlemskommunane låne kajakkar, lavvoar, bålutstyr, truger, taubruer og mykje meir, heilt gratis. Det er det mange som har fått med seg og utstyret blir mykje brukt. Men innimellom skjer det at arrangement ikkje blir noko av fordi det tek for lang tid å køyre til Sula for å hente det som trengs. Derfor søkte friluftsrådet Sparebankstiftelsen DNB Nord om støtte til utstyrsapakkar og fekk ja. No er utstyr plassert ut i alle ni medlemskommunane.

Utstyrspakken inneheld m.a. ein lavvo, bålpanne med stativ, gryter, popkornkjele, kaffikjel, øks, sag, to taubruer, vikingspelet *kubb* og permar med idear til utelivsaktivitetar for ulike aldersgrupper. Målet er at utstyret skal

bli mykje brukt og føre til meir friluftsliv for både barn og vaksne.

Friluftsrådet for Ålesund og omland er eit interkommunalt samarbeidsorgan som arbeider for å legge til rette for friluftsliv i medlemskommunane. I dag er ni kommunar medlemmar: Skodje, Sula, Ålesund, Giske, Ørskog, Haram, Vestnes, Stordal og Norddal.

Rådet har heilt eller delvis ansvar for drift og skjøtsel av nesten 30 friluftsområde. Mange med toalett, flytebygger, stiar, bruer og andre installasjonar. I tillegg arbeider friluftsrådet med skilting av turvegar, turkonkurransar, marknadsføring av turar, sikring av friluftsområde og opplæring i utelivsaktivitetar for barn og vaksne. Friluftsrådet for Ålesund og omland har fire tilsette.

Litt av kvart

Bustad til leige?

Skodje kommune har vedtak om å ta i mot flyktningar, og i samband med det har vi behov for å leige bustader i Skodje sentrum.

Har du ledig husvære, ta kontakt med Camilla Almås, tlf. 70 24 40 58, eller camilla.almas@skodje.kommune.no

Kommunestruktur på sakskartet

Tysdag 28. oktober var kommunestyret samla til dialogmøte kring kommunereform.

I møtet vart det ein gjennomgang av forventningane til kommunane kring framdrift i prosessen. Før årsskiftet skal kommunane ha utarbeida ein framdriftsplan for god lokal prosess. Denne skal omhandle informasjonsstrategi, korleis involvere og skape medverknad, samt seie noko om kva som bør utgreiast nærmare for å kunne ta ei god avgjerd om kven Skodje kommune bør slå seg saman med.

Informasjon om framdrifta og aktivitetar knytt til arbeid med kommunereforma vil fortløpande bli lagt ut på heimesida vår.

Avlesing av vassmålar

Dei som har vassmålar vil no kunne levere avlesinga elektronisk, på SMS eller internett. Dette vil vere ei forenkling både for abonnentar og kommunen, og vi vonar at flest mogleg vil nytte den nye ordninga.

Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ca. 20. mars. Frist for innlevering til dette nummeret er 13. mars.



Dette skjer

Familiedag på Gomerhuset

Laurdag 29.11. kl. 12-18.

Kl. 12-17: Julemarknad i idrettshallen. Rundt 50 utstillarar.

Kl. 12-16: Ope bibliotek. Lesestund «Jul med Prøysen» kl. 13 og kl. 15.

Kl. 16.30: Julegrantenning ute.

Kl. 17: Familieforestilling i kultursalen.

Kafé, tombola, loddsal på bøker.

Arrangement på Gomerhuset

Laurdag 06.12. kl. 20: Konsert med blues-/jazzbandet BRIIF. Skøye Teaterlag sørger for servering og god stemning før og etter konserten.

Sundag 07.12.: Futsal 10-12 år i idrettshallen.

Laurdag 13.12. kl. 11-16: Handballkampar.

Sundag 14.12.: Julekonsert med Skodje blandakor og Jubalo.

Sundag 14.12.: Vennecup i idrettshallen.

Fredag 26.12.: Grendecup i fotball, idrettshallen.

Laurdag 27.12.: Romjulsdans v/Skodje blandakor.



Tjukkasgjengen på Skodje er aktive med turar kvar tysdag og torsdag kl. 18.30. Vi vil utfordre fleire til å finne fram refleks og hovudlykt og bli med oss på tur. Turprogram er laga t.o.m. januar månad. Du finn oppslag rundt omkring - eller sjekk Facebook. Tjukkasgjengen©[®]Chapter Skodje.

Bli med! Det er sosialt, gøy og gratis! Møt opp ved oppmøtestad.

DATO	KL.	TUR	OPPMØTESTAD
Tys 18.11.	18.30	Fannedalen	Slyngstadbrua
Tor 20.11.	18.30	Bygdarunde Ørskog (1 time)	Ørskog sparebank
Tys 25.11.	18.00	Synnalandsvatnet Brattvåg	Felles køyring/skyss frå Frisklivssentralen i Skodje kl. 18.00
Tor 27.11.	18.30	Steinsetsetra	Bommen på Fylling
Tys 02.12.	18.30	Bygdarunde Valle (1 time)	Tanken på Valle Y/X
Tor 04.12.	18.00	Lillevatnet i Spjelkavika	Felles køyring/skyss frå Frisklivssentralen i Skodje kl. 18.00
Tys 09.12.	18.30	Vallesetra	Glomset v/ bommen forbi Undertun
Tor 11.12.	18.30	Gapahuken i Solnørelva	Dragsundet
Tys 16.12.	18.30	Kleivane	V/ Sunnmøre røykeri på Ørskog
Tor 18.12.	18.30	Gausnesgarden	Gausneset
JULEFERIE – GOD JUL ☺			
Tys 06.01.	18.30	Furlia	Dragsundet
Tor 08.01.	18.30	Apelvikstølen	Bommen v/ Nordic
Tys 13.01.	18.30	Svortavatnet	V/ Svortabrua
Tor 15.01.	18.30	Skøyebuene rundt	v/utsiktposten/busslomme Straumen
Tys 20.01.	18.30	Grindvika rundt	Frisklivssentralen i Skodje
Tor 22.01.	18.30	Lysløypa Skodje	Frisklivssentralen i Skodje
Tys 27.01.	18.30	Haugstølen Fylling	V/ trakkemaskin
Tor 29.01.	18.30	PLANLEGGINGSDAG FOR ARRANGØRANE	

«Mist for all del ikke lysten til å gå. Jeg går meg til det daglige velbefinnende hver dag og går fra enhver sykdom; jeg har gått meg til mine beste tanker og jeg kjenner ingen tanke så tung at man ikke kan gå fra den» -Søren Kierkegaard

"Kommunenytt" vert utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor. Ansvarleg redaktør: rådmann Bente Glomset Vikhagen.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no